Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68.

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Höglandet

Emne: Bålbrenning

Bygdelag: Höglandet.

Oppskr. av: Peder Pedersen.

Gard: Brønde

(adresse): Höglandet i Namdal.

G.nr. 87. Br.nr. 4.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Til sp. 1. Det vanlige namnet er: bål

" " 2. Her i bygda nyttar ein tinns nemning for alle bål anten bålet blir brent på visse dagar i året og eit heilt vanleg bål som blir brent ute i det fri.

" " 3. Nei det er det ikkje.

" " 4. Eg har ikkje høyrt gjeti at dei her i bygda har brent bål ved juletider. Slik det er nemnt under dette spørsmål

" " 5. Heller ikkje har eg høyrt nemnd at folk i gamal tid brente „julelag"

" " 6. Heller ikkje ved påsketeida brente dei bål.

" " 7. Nei.

" " 8 a Jonsok-kvelden har det so langt ein kan minnast vori vanleg å brenne bål.

" 8 b Ja det har alt til våre dagar vori vanleg å brenne pinse-ofta bål.

" 8 c Nei ikkje det eg veit.

" 8 d Derimot var det vanleg i gamal tid å brenne olsok-bål den 28 juli. No er denne skikken gått meir or bruk.

" " 9. Slike bål som er nemnt under dette sp. er ukjend her på Höglandet.

" " 10. Nei

" 11. Sjå under 8 a.

14145

Til spp. 12. Båle vart brende om kvelden etter at folk hadde ete kveldsvarden.

" " 13. Nei det var ikkje nokon regel for korlenge bålet skulde brenne.

" " 14. Kvar grend i bygda hadde gjerne ein fast bålstad, der båla vart brende. Denne staden låg og ligg gjerne på ein haug midt i grenda. So ein kunde sjå ljosken og røyken frå bålet over heile grenda.

" " 15. Det var mest vanleg at alle slags bål brende på same staden. Men sjeldan vart det og brendt bål på andre stader.

" " 16. Nei det var ikkje almindeleg å brenne bål på kvar gard,

" " 17. Nei

" " 18. So snart bålet var tendt og røyken synte seg, var det vanleg at folk av alle grupper — vaksne og born samla seg kring bålet.

" " 19. Ja da både gjentor og gifte kvinnor var velkomne til å vera til leikan kring bålet

" " 20. Nei den gamle skikken at det var høve til å vera med ved bålet står framleis med lag.

" " 21. Nei — ikkje det eg veit.

" " 22. Sagbruks- eller fabrikkeigarar har vi ikkje her i bygda. So slike har ikkje skipa til bålbrenning med fest.

" " 23. So vidt eg veit har det ikkje vore nokon regel for korleis eit bål skulde skipast til — og her i bygda har det ikkje vore skikken

" " 24. Det var <u>ikkje</u> nokon regel for kva slag emne ein skulde nytte under bålbrenninga. Men i gamal tid var det ofte ein nytte brukte tjøretunnar som var fest til ei stong, brukte gamle båtar som var saga av på midten. Dei to delane vart so reiste mot kvarandre og sett eld på. ~~Sio~~ Seinare er bålet mest laga av kvist og granbar som [illegible] er samla saman og stabla opp til ein lengje

" " 25. Ikkje det eg veit.

" " 26. Nei dei kjøpte ikkje noko av emnet til bålet. Dei fekk

14145

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2dre blad – Nei det skeilde dei ikkje.
Til sp. 27 Det vart ikkje leksa for skeling om dei sanka i hop gamla
" " 28. utbrukande ting som låg og slong til å laga bål av.
" " 29 Nei – det hørde dei ikkje
" " 30. Ein slik tradisjon kjenner eg ikkje til.
" " 31. Båla som vart brende til gamle tider var av same storleik og form
" " 32. Folk på dei gamle stader der det vart brendt bål – kappast ofte om å få gjort opp det største bålet
" " 33 Det var om å gjera at ein fekk til ein så høg røyksøyle som råd var. Det var mindre om å gjera at flammen frå bålet steig høgt til vers.
" " 34. Ja – sjå ovanfor. For å få det til å ryka mest mogeleg måtte ein ha ei dyngje med rålar i nærleiken som ein kasta inn på bålet ettsom dette var.
" " 35 At det var om å gjera å få det til å spreide gneistar frå bålet har eg ikkje høyrt noko om.
" " 36. Nei – ikkje det eg veit.
" " 37. Det har eg ikkje høyrt noko om.
" " 38. Ukjendt her.
" " 39. Det har eg heller ikkje høyrt noko om.
" " 40 Festen attmed bålet hadde ikkje noko serskild nemning.
" " 41 Nei – i gamal tid var det ikkje berre ungdom som samlast kring bålet – men like so mykje gamle folk – kvinner og menn.
" " 42. Det var ikkje vanleg at folk var samla kring bålet heile natta
" " 43. I gamal tid var det nok ikkje so sjeldan at folk hadde med seg alkohol, som dei drakk ved bålet. No er det ikkje lenger slik. Kvinnone hadde gjerne med seg niste, som dei trakterte med. Og so laut kaffe-tåren sette ein spiss på trakteringa.
" " 44. Jamnast leika ungdomen seg kring bålet. Dei dansa gjerne ein ring kring bålet og so gjekk dei gamle friluftsleikar med lio og lyst. Vanleg rundans gjekk helst på ein låve i nærleiken, og der kunde dei halde fram med dansen ut i dei „små timar"
" " 45. Nei.
" " 46 For noko serskild hende det nok, at dei gjorde det

14145

Tilsp. 47. Nei

" " 49. Folk likar å vera med på slike bålbrenningar. Denne skikken har vel ikkje nokon annan oppgåve enn å gje folk høve til å komme saman til moro og leik

" " 50 Skikken med å brenne bål har i manns minne halde seg slik han er i dag.

14145

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING